

# Kommunale friluftsområde

## Fleire lokale friluftsområde er tilrettelagt.

Det er store og varierte utmarksareal i kommunen. Mange av desse områda vert nytta til friluftsliv. Utøving av friluftsliv gjev glede og avkopling og er helsefremjande. Utøving av friluftsliv medfører større forståing for naturen som ein ressurs og bidreg gjerne til større vilje til å ta vare på desse kvalitetane. Mange driv friluftsliv for å oppleve ro og fred frå ein stressande kvardag.



Det er i dag over 20 tilrettelagde friluftsområde i kommunen. Med unntak av Prestegardsmoen er områda i privat eige, men kommunen har i dei fleste områda inngått langsiktige leigeavtalar med grunneigarane. Det er generelt god vasskvalitet på dei tilrettelagde badeplassane i kommunen. Det er tilrettelagd fleire gangvegar / stiar for friluftsliv. Langs fleire av desse er det informasjonstavler og bord/benkar. Det er vidare opparbeida fleire parkeringsplassar ved starten av populære utfartsområde. Interesse for sykling som friluftsliv-aktivitet har vore aukande dei seinare åra. Rallarvegen frå Upsete til Vangen, Vangsvatnet rundt og sykkelvegen til Skjervet er dei mest brukte rutene.

## Kort omtale av tilrettelagde friluftsområde i kommunen

### 1. Prestegardsmoen

Stort og variert friområde ved Vossevangen sentrum. Gode badeplassar på

"Grandane". Mange stiar og gangvegar. Tilrettelagd handikapbrygge ved Vosso og toalett på Grandane.



## 2. Turstiar Hanguren

I samarbeid med Voss Resort har kommunen laga informasjonstavler, merka og utbedra stiar og sett opp kvilebenkar m.m. i dette populære friluftsområdet. Det er m.a. tilrettelagt og skilta stiar i området frå Hangursrestauranten og innover mot Røde Kors-hytta. Voss utferdslag har T-merka løype frå Hanguren og Bavallen til Tvinnestølen. Det er vidare skilta eit turvegssystem i Hangurslia (Bavallen - Mølster -Raugstad), basert på stiar og skogsvegar i området. Det er tilrettelagt parkeringsplassar på Raugstad, Mølster og i Bavallen.



## 3. Bordalsgjelet

Dramatisk elvegjel, ca.10 min gange gjennom Prestegardsmoen og over Tintrabrua, der ein kan

oppleva korleis isbre og elv har forma landskapet. Informasjonstavler og benkar/bord. Parkeringsplass.  
NB! - Området er bratt og kan vera rasfarleg. Vis derfor aktsemd og gå ikkje utanom tilrettelagde område!



#### 4. Friområde ved Bolstadfjorden

Nede ved fjorden er det tilrettelagd eit friområde med badeplass. Ved sida av

friluftsområdet ligg grindbyggnausta på Tangen og Flåtemuseet som fortel historia om "Vossahandelen" mot Bergen.



## 5. Friområde ved Evanger sentrum

Lite men fint opparbeida område med fin utsikt over Evangervatnet. Ved bryggja (frå den tid det gjekk båttrafikk over vatnet) kan ein bada.



## 6. Friområde Vinje

I elva under Vinje Hotel er det eit par store jettegryter (opptil 6-7 m høge). Lenger nede i elva er det eit par mindre jettegryter som vert nytta som badeplass. Det er opparbeida sti ned til elva og utsiktspunkt.



## 7. Gangveg langs Melsvatnet

Tilrettelagd gangveg langs fint våtmarksområde der ein kan oppleve ulike våtmarksfuglar. Fleire benkar og flytebryggje.



## 8. Tvildemoen

Frå Magasinet er det laga til ein enkel sti langs Raundalselva ned til elvemøtet med Strandaelva. Det er tillaga fleire sitteplassar langs stien.



## 9. Haugsvik

I austre enden av Oppheimsvatnet er det opparbeida ein badebass, godt eigna for ungar. Opparbeidd parkeringsplass.



## 10. Kongevegen Oppheim - Vinje

Trase av kongevegen Bergen - Oslo som no er tilrettelagd som turveg. Vegen går gjennom fin natur og forbi fleire fine kulturminne (ca. 1 t).



## 11. Kongevegen til Kolle

Trase av kongevegen Bergen - Oslo som er enkelt skilta. Går frå Vestbygda til Kolle (ca. 1.5 t)



## 12. Kongevegen Horvei- Brunborg

Frå Horvei på Bolstad er deler av den gamle kongevegen til fjellgarden Brunborg restaurert og skilta.



### 13. Fugletårn i Lønaøyane

I Lønaøyane naturreservat er det bygd fugletårn og opparbeida god sti fram til tårnet. Like ved ligg Nesheimstunet som er eit gammalt gardstun med 12 bygningar, den eldste frå 1688.



### 14. Fuglehytte i Lundarosen

Nede ved utløpsosen er det bygd ei fuglehytte der ein om vinteren kan oppleve m.a. overvintrande sangsvaner på nært hald. Det er ein enkel sti ned til hytta frå E 16 like sør for jernbanebrua.



## 15. Moensvatnet

Opparbeida sti ned til enkel badeplass. Høg vassstemperatur tidleg på sommaren.



## 16. Skarvet

Tilrettelagd friområde ved Voss Mylna med fin utsikt over elvemøtet mellom Strandaelva og Raundalselva. Gangveg ned til elva.



## 17. Turveg Nåli

Nåli er ein husmannsplass under garden Sivle og ligg på ei "fjellhulle" langs den gamle ferdslevegen mellom Stalheim og Jordalen. Turen til Nåli frå Stalheim tek ca. 1 time, i dramatisk og storslått landskap. Turvegen er sikra og utbetra og er eit spanande besøksobjekt både for ålmenta og turistar. Parkeringsplass like under Stalheim Hotel.



## 18. Turveg Stalheimsfossen

Før Stalheimskleiva vart bygd i perioden 1844-1849 var "kongevegen" inn langs Stalheimselva ferdslevegen til Stalheim. Turen inn til fossen tek ca. eit kvarter. Vegen er no sett istand og er eit attraktivt tilbod både til unge og eldre som vil oppleve elv og mektig fossenatur. Vegen er tilrettelagt for rullestolbrukarar.



## 19. Vetlavatnet

Liten, men fin badeplass med bord og benkar. Høg vassstemperatur tidleg på sommaren. Parkeringsplass



## 20. Kvåle friluftsområde

Voss kommune har i samarbeid med Statens vegvesen tilrettelagt eit friluftsområde ved rasteplassen på Kvåle. Det er her tilrettelagt med benker og bord og laga til ein badeplass. Plassen har universell utforming som m.a. sikrar tilkomst for rullestolbrukarar og barnevogn. Det er tilrettelagt p- plassar for funksjonshemma og rullestolrampe for bading.



## 21. Holamarka

Ved rasteplassen Holamarka, mellom Evanger og Bolstad er det nede ved vatnet tilrettelagt eit friområde med bord og benker. Badeplass.



## 22. Kvitanosi

Under andre verdenskrig styra eit tysk krigsfly like under toppen av Kvitanosi. Den dramatiske historien kan ein lesa på informasjonstavler som kommunen har sett opp i området. Den eine tavla står ved parkeringsplassen ved Voladammen ( bilveg opp frå Teigdalen), og den andre oppe ved flyvraket. Stien opp til vraket er delvis merka. Det er sett opp to informasjonstavler om flyvraket og turen opp til Kvitanosi.



